


**Finnås Kraftlag SA blir frå 01.01.2020 omdanna til konsern.**

Kraftlaget må tilpassa seg endringar i Energiloven og krav om selskapsmessig skilje. Omorganiseringa skjer ved etablering av konsernstruktur for verksemda i Finnås Kraftlag frå 1. januar 2020. Det betyr at Finnås Kraftlag SA overdrer nettverksemda i selskapet til det nystifta dotterselskapet **Bømlo Kraftnett AS**. Anna konkurranseutsett aktivitet, slik som kraftomsetning og breiband, blir overdrege til dotterselskapet **Finnås Kraftlag AS**. Kraftlaget vil fortsetja å eiga og kontrollera verksemdene gjennom sitt heileigde eigarskap i kvart av dotterselskapa.



Konsernet har same forretningsadresse som før. For leverandørane våre har denne endringa kun praktiske konsekvensar for fakturering.

**Fakturaadressene som skal nyttast frå 01.01.2020 er:**

Namn	Organisasjonsnummer	Adresse	Epost-adresse
Finnås Kraftlag SA	944 664 440	Hollundsdaalen 1 5430 Bremnes	fakturamottak@finnas-kraftlag.no
Finnås Kraftlag AS	923 934 170	Hollundsdaalen 1 5430 Bremnes	fakturamottak@finnas-kraftlag.no
Bømlo Kraftnett AS	923 934 138	Hollundsdaalen 1 5430 Bremnes	faktura@bomlo-kraftnett.no

Fakturaer må frå 01.01.2020 adresserast til rett selskap. Faktura som vert sendt til feil selskap vert returnert med krav om kreditnota og ny faktura til rett mottakar. Me ynskjer å få faktura på EHF-format. Dersom ditt selskap ikkje kan senda EHF-faktura, kan faktura sendast som vedlegg i e-post, til [fakturamottak@finnas-kraftlag.no](mailto:fakturamottak@finnas-kraftlag.no), eller [faktura@bomlo-kraftnett.no](mailto:faktura@bomlo-kraftnett.no).

Me vil samtidig be om at faktura for 2019 vert sendt oss snarast mogleg og seinast innan 15.januar 2020.

Har du spørsmål knytt til fakturering, ta kontakt direkte med din kontaktperson hos Finnås Kraftlag, eller send e-post til [firmapost@finnas-kraftlag.no](mailto:firmapost@finnas-kraftlag.no).

Alle tilsette er med vidare i det nye konsernet, men fordelt på dei ulike selskapa. Du kan kontakte oss på same telefonnummer som i dag. Tilsette i Bømlø Kraftnett AS vil etter kvart få nye e-postadresser, men i ein overgangsfase vil ein kunne nå dei på same mail-adresser som før. Kraftlaget vil ha same visjon: **Me e' der når nåke skjer!** Og bygga på dei same verdiane: **rettskafne, offensive, serviceinnstilte og dyktige.**

Me ser fram til eit framleis godt samarbeid, og vil nytta høve til å ynskja dykk ei God Jul og eit Godt nyttår!

Med venleg helsing  
Finnås Kraftlag SA



Nils Gunnar Gloppen  
Konsernsjef